

Austebygd barnehage.

REFERAT FRÅ FORELDRE RÅDSMØTE 14.09.17

Torunn T. Hovden ønskte velkommen og viste til generell informasjon som var sendt ut til alle heimane i lag med innkallinga til møtet. Personalet og foreldra presenterte seg og det vart vist fine bilete av barnegruppa.

Torunn informerte litt om ferieordninga i barnehagen då denne ikkje er som i dei andre barnehagane. Dette er fordi Austebygd barnehage er ein 1-avdelingsbarnehage og kan ikkje dra nytte av personell frå andre avdelingar. Det står i vedtektene at det skal vera feriestengd i 4 veker om sommaren. Dette stemmer ikkje lenger då det er bestemt at det skal vera 2 veker feriestengd. Dette er eit kommunalt adm.vedtak og me treng difor ikkje gjera vedtektsending, men det ligg som eit vedlegg til vedtektene. Torunn presiserte også at det er viktig å vera nøye med påmelding til jul/påske. Organiseringa av personalet vert gjort ut frå denne påmeldinga.

Dei som køyrer opp på skuleplassen ved levering av barn, må vera ute frå plassen kl. 07.40. Frå 1. november og ut januar månad kan ein også køyra opp ved henting av barn frå kl. 15.30

Torunn presenterte visjonen for barnehagen og skulen: «**Me bryr oss**»

Det viktigaste er at Austebygd barnehage skal vera ein stad der alle barn føler seg trygge og inkluderte. Dette er også presisert i den nye «**Rammeplan for barnehagen**». Denne planen er tydeleg på kva dei tilsette skal gjera for at alle barn skal ha det bra, vidare har m.a. leiken fått eit sentralt fokus og «Kropp, bevegelse, mat og helse» er nytt fagområde. Personalet skal dette året gjera seg kjend med den nye rammeplanen, noko som vil ta tid. Barnehagen sin årsplan vil difor bli lite endra.

»**ALLE MED**» er eit observasjons-/ dokumentasjonsverktøy for kva oppgåver barna meistrar. Det er delt inn i ulike kategoriar (og alder), som omhandlar språkutvikling, leik, sosial utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og motorikk.

«Nye» foreldre får tilbud om å skriva under på om deira barn skal vera med i denne observasjonsmetoden. Dette vert så eit utgangspunkt for foreldresamtalen.

Magnhild informert om dagleglivet i barnehagen.

Turdagar er tysdag for dei «små» barna og torsdag for dei «store». Me har delt barna etter alder, men då det er flest store barn så har me også delt litt på tvers av alder. Dei som er att i barnehagen har m.a. samlingsstund med fokus på song, både gamle og nye songar. Alle samlingsstundene i barnehagen har fokus på språk

«Vigilo» - er eit datasystem som barnehagen har tatt i bruk m.a. for å betra kommunikasjonen med foreldra. Første gong ein loggar inn må det gjerast via datamaskin. Seinare kan ein lasta ned «Vigiloappen» på mobiltelefonen. Dersom nokon ikkje får dette til å fungera, så kan de ta kontakt med barnehagen.

Dersom nokon leverer ut fødselsdagsinvitasjonar i barnehagen, så ber me om at de ikkje gløymer nokon. Kven de inviterer legg ikkje barnehagen seg bort i, men det viktigaste er at ikkje nokon «står att åleine».

Frukosten vert avslutta kl. 08.30.

Satsingsområder:

-arbeid med sosial kompetanse, Ingrid og Janne-Marie forklarte om korleis dei jobbar, - nytt i år er «Hjerteprogrammet». Det byggjer på kapitla i rammeplanen som handlar om «Etikk, religion og filosofi», og «Nærmiljø og samfunn». Målet med dette programmet er m.a. å skapa oppleving i kvart barn at dei er verdifulle, forstå eigne og andre sine kjensler samt læra seg sosiale «køyrereglar».

Barnehagepersonalet i Radøy vert for tida skulert i «De utrolige årene»- som er eit statleg finansiert tiltak som skal «hjelpa familiar og fagpersonar til å fremja godt samspel, førebyggja at vanskar utviklar seg eller til å bryta mønster som har gått seg fast og som er krevande å leva i». Austebygd barnehage skal skulerast neste år i dette programmet.

-språk, Iren og Sissel forklarte at dette har me hatt som satsingsområde dei to siste åra, no har me det også som tema.

«**Dialogisk lesing**»- ein strukturert måte å jobba med bøker på. Metoden er eit hjelpemiddel for å auka barna sin språkkompetanse der me m.a. jobbar konkret med ord og begrep. Barna skal læra å kommunisera, lytta og forstå tekstar slik at det seinare vert lettare å knekkja lesekode.

Barna vert delt inn i små, faste grupper med ein fast vaksen på kva gruppe. Me har Dialogisk lesing 3 gonger i veka.

«**Språkgruppe**» -1 time to gongar for veka for dei barna som ligg litt etter i språkutviklinga eller er to-språklege . Me jobbar m.a. med lotto, les, syng eller brukar dataspel. Det er viktig at barna brukar språket aktivt i kvardagen og at dei vaksne brukar rett namn/begrep på «ting».

Måndagane har me «Magisk samling» og fredagane har me songsamling for alle i gymsalen.

Foreldra diskuterte så kva dei tenkjer at dei kan gjera i forhold til å gje borna språkstimulering. Foreldra sine innspel er lagt ved .

Val av leiar, nestleiar og 2 varafolk i FAU :

(vert også med i samarbeidsutvalet for skulen/barnehagen)

Leiar: Ingunn Straume

Vara: Camilla Gjerde

Nestleiar: Kenneth Blomvågnes

Vara: Aina Kallestad Soltveit

Alle er valde for eit år.

Event:

-småbarnsavdeling i barnehagen: FAU- leiar på skulen, Jannike S. Nordanger, har etterlyst saka om å få småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage. Ho har fått opplyst at det skal setjast av pengar i 2018- budsjettet til å utgreia dette.

-barnehagen treng hjelp til å saga og rydda vekk nokre tre som har ramla ned ved uteplassen i skogen. Dette oppdraget håpar me at FAU kan hjelpa med.

Overgang barnehage-skule; spesielt for førskule-foreldra.

Sjå eige vedlegg.

10.10.17

Vigdis Villanger

ref.

Språkstimulering, innspel frå foreldra:

- Ta med ungane på det ein gjer og snakka om det
- Høgtlesing- snakka om innhaldet og tenkja vidare
- Snakka om det me ser og opplever rundt oss
- Bruka tida når ein køyrer bil: telje bilar, skilt, fargar, «lesa» skilta
- Snakka med fulle setningar og ord (riktige ord)
- Ikkje påpeika feilsnakking, men seia ordet riktig sjølv (gjenta)
- Dela barna sine interesser og snakka i lag om det
- Syngja i lag